

---

Saksnr: 2020/79008-4  
Saksbehandlar: Sturla Binder

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

**Høyring - Endring i forskrift om stadnamn**

Kulturdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i forskrift om stadnamn.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stiller seg bak framlegget til endringar slik det ligg føre i høyringsutkastet.

Samandrag

Endringane i forskrifta følgjer opp lovendringa som fekk verknad frå 1. juli 2019, slik at forskrifta blir tilpassa til lova. Det er i tillegg gjort framlegg til utfyllande reglar om korleis stadnamnlova skal gjennomførast, jfr § 15 i forskrift om stadnamn.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Høyringsnotat -- endringar i forskrift til stadnamn

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i forskrift om stadnamn. Endringane følgjer opp lovendringa som fekk verknad frå 1. juli 2019, slik at forskrifta blir tilpassa til lova. Det er i tillegg gjort framlegg til utfyllande reglar om korleis stadnamnlova skal gjennomførast, jfr § 15 i forskrift om stadnamn.

Vestland fylkeskommune har sett på endringsforslaget ut i frå omsynet til ivaretaking av stadnamn som kulturminne i Vestland. Endringar som omhandlar samiske og kvenske stadnamn er soleis ikkje vurdert.

Redaksjonelle endringar, grammatikk og naudsynte endringar i nemning og termar i forskrifta er det heller ikkje tatt stilling til.

Punkt 2.1.1 i høyringsnotatet omhandlar vurderingskriterium når ønskt skrivemåte er ein eldre skrivemåte eller ei lokal dialektform. Vestland fylkeskommune vurderer at endringane i §1 i forskrifta sikrar ein god praktisering av unntaksføresegnet om skrivemåte i §4 i lova.

Punkt 2.5.1 i høyringsnotatet gjeld endring av regel i §9 i forskrifta for å tilpasse forskrifta gjeldande praksis. Vestland fylkeskommune meiner endringane som er foreslått styrker både kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga. Tilsette i kommunen har som regel god kjennskap til dei lokale partane i stadnamnsaker.

Punkt 2.5.2 i høyringsnotatet: Vestland fylkeskommune har ikkje kommentar til endringa i tilvisingar til reglar i stadnamnlova.

Punkt 2.7.1 i høyringsnotatet handlar om kva som skal reknast for bruk av stadnamn i tenesta. Vestland fylkeskommune meiner ny §11 om bruk av stadnamn i tenesta styrker bruken av stadnamn som immaterielt kulturminne.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjev høyringsuttale på vegne av Vestland fylkeskommune, men Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland kan gje innstilling om høyringsforslag innan eige ansvarsområde på vegne av Vestland fylkeskommune, jfr . Reglement for folkevalde organ og delegering, oktober 2020.

### Konklusjon

Fylkesutvalet stiller seg bak framlegg til endringar i forskrifta, og går inn for å levere inn høyringssvar utan merknader.